



MS SUNNHORDLAND på Vågen i Bergen.( Foto: Harald Sætre )

**I dag, torsdag 3. nov., kl. 18.00 legg MS SUNNHORDLAND til kai på Leirvik etter ha vore i drift i Finland sidan 1974. Ei gruppe på Stord har kjøpt og ført skipet heim til Sunnhordland. Så langt vi kjenner til har fem sjøfolk frå Uskedalen vore mannskap på SUNNHORDLAND. Uskedalen.no skal møte ein av desse ved ankomsten i dag, Kåre Hauge frå Skorpo, bur i Bergen, som var maskinist i perioden 1962 - 1964. Vår eigen, Harald Sætre, vert å møte på Leirvik i kveld. Med sin kompetanse og interesse for ruteferien er han også invitert til dåpssermonien i morgon, fredag.**

Ubåtjagaren KILCHRENAN vart henta heim til Noreg i 1947 av kaptein Johan Fleten frå Rosendal og maskinsjef Wilhelm Wasmuth. To år etter vart skipet sett i drift og gjekk i Sunnhordland snøgrute fram til siste turen 20. juni 1973.

Vi vil nemna dei frå Uskedalen som har vore mannskap på MS SUNNHORDLAND:

- Sivert Raudstein var matros på 1950 talet. Han bad om overflytting til MS HORDALAND og gjekk i land i 1959. Sonen, Nils Raudstein, mønstra på og gjekk inn i jobben til faren på HORDALAND i 1959
- Olav Myklebust var maskinsjef på SUNNHORDLAND frå desember 1963 til mars 1967. Han bad om byte av båt og kom seinare på ferjene HARDINGEN og SKÅNEVIK. Han gjekk i land, 63 år gamal, i 1974
- Arne Terje Haugland var matros i to periodar, fyrste gong kring 1960, berre 17 år gamal. Han reiste etter det i utanriksfart på COMETA i linjefart på Syd Amerika. Kom heim etter 16 månader og gjekk på nytt ombord i SUNNHORDLAND, på same tid som Olav Myklebust ( syskenbarnet hans ) var maskinsjef og Sigvald Hauge maskinist. Terje byrja så på anleggsarbeid og etter det som fast sjåfør på Valen sjukehus.
- Kåre Hauge frå Steinaneset på Skorpo var maskinist i tida 1962 - 1964. Han søkte og fekk jobb på maskinverkstaden på marinebasen Håkonsvern og vart der til han gjekk av med pensjon
- Sigvald Hauge, onkel til Kåre, var maskinist og avløyste Kåre frå 1964. Etter teneste ombord i SUNNHORDLAND gjekk Sigvald over på HSD sine ferjer.

Tekst/ nett: Kristian Bringedal  
Foto: Harald Sætre